

U 20-11 Forslag om endring av vegtrafikkloven § 40 a annet ledd og forslag til ny forskrift om krav til særlege sikringstiltak ved skoleskyss i buss

Behandling i fylkesutvalet – 21.02.2011

Svein Atle Roseth (Krf) fremma følgjande forslag til nytt punkt:

"Fylkesutvalet viser elles til fylkestrafikktryggingsutvalet sitt vedtak i sak FTU-1/11."

Votering:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen blei samrøystes vedtatt.

Forslaget til nytt punkt frå Svein Atle Roseth blei samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet – 21.02.2011

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at det no er sett fokus på trafikktryggleiken til elevane i skolebussar.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune peikar på at fylket vårt har hatt sterkt fokus på – og har handsama fleire saker dei seinare åra der ein mellom anna har bede Samferdselsdepartementet om å intensivere arbeidet med nytt og betre/strengare lov-/forskriftsverk for å oppnå betre sikring av skolebarn i buss. Møre og Romsdal fylkeskommune ber derfor om at sikringskrava m.o.t. belte og sitteplass må kome på plass langt tidlegare enn departementet no legg opp til (2015/16)."
3. I den grad framleggget til sikring får verknadar for kostnadane i bussdrifta gjennom auka setekapasitet, føreset Møre og Romsdal fylkeskommune at dette blir teke omsyn til i samband med rammeoverføringa frå stat til fylke.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune peikar på den forskjellsbehandlinga som lovendringa legg opp til mellom kommunalt og fylkeskommunalt skyssansvar. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner tryggleiken for skuleborna må følge same tryggingskrav både for kommune og fylkeskommune.
5. Fylkesutvalet viser elles til fylkestrafikktryggingsutvalet sitt vedtak i sak FTU-1/11.